



# ÅRSMELDING

2008

**MODALEN KOMMUNE**



## Rådmannen

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen og skal førebu saker og sette i verk det som politikarane bestemmer. Alle saker og dokument som vert lagt fram til politisk handsaming, er lest og godkjent av rådmannen.

Kontaktpunktet mellom administrasjon og politikk er mellom rådmannen og ordføraren. Det er til einkvar tid drøftingar mellom dei to – ikkje minst når innhaldet i sakslista skal avgjerast.

Rådmannen har ein stab som tek seg av kvar sine felt og sine sektorar. Rådmannen, saman med medarbeidarane sine, skal syte for ei rasjonell drift og at drifta held seg innafor dei økonomiske rammene som er bestemd av Kommunestyret og Formannskapet. Årsmeldinga er ei attendemelding til Kommunestyret og Formannskapet frå alle områda som kommunen har ansvaret for.

Rekneskapen for 2008 er lagt fram med eit driftsresultat på 11%. Som økonomisjefen skriv i sine kommentarar er dette eit særskilt godt resultat, men at resultatet er lågare enn dei to åra som ligg bak oss. Driftsresultatet er disponert gjennom budsjettvedtak og justeringar gjennom året. Talet på auka avsetjing til fond går fram av tabellen **Fond** på side 9 der ein ser at disposisjonsfondet har auka frå 11 til 17 mill.

Med tanke på det investeringsbehovet kommunen har i dei nærmaste åra, syner lånegjelda at ein skal ha medvit før ein set i verk tiltak av noko omfang. På den andre sida er tanken på framtidia og eit høgt tenestenivå i Modalen for dei som bur her, noko som tyder på at dei aller fleste nye tiltaka bør finansierast gjennom lånepptak. Auken på lånegjelda frå 2005 til i dag er formidabel, men avdrag på ca 2 mill. kvart år er å leve med.

Det vil alltid vere ei balansegang mellom bruk av eigne pengar på bok og lån i bank.

**Modalstunet** har vore den største utfordringa i 2008 og vil vere i endring i åra som kjem. Slik drifta har vore i 2008, syner rekneskapen eit ganske stort meirforbruk. Både avgjer i grensereguleringssaka, stortingsvalet og helseministeren sitt framlegg til ny helsereform vil vere med å styre utviklinga. Blir det grensejustering vil behovet for plassar vere sikra. Blir det regjeringsskifte kan både grensejusteringa og helsereforma gå i ei anna lei.

Tala på kjøpte plassar har gått frå 1392 i 2007 til 503 i 2008. Dette er ei reduksjon på heile 889 plassar på årsbasis. Alle aktuelle brukarar – kommunar og einskildpersonar – veit om tilbodet på sjukeheimen i Modalen og meir marknadsføring utgjer difor ikkje nokon "skjult reserve". Bemanninga har i heile 2008 vore i høve til 16 sengeplassar, men sjukefråver og permisjonar har likevel ført til mannskapsmangel. Modalingane har i snitt brukt 6,5 plassar. På den positive sida har tenesta – sett under eitt – ytt service til dei som bur heime. Heimehjelp og heimesjukepleie utgjer meir ein heil stilling og tenesta skal passast inn i drifta av sjukeheimen.

**Likestilling** og **diskriminering** er som omgrep ikkje brukt om nokon sak i kommunen. Modalen kommune har ein klår overvekt av kvinnelege arbeidstakrar og leiarar og begge kjønn er representert på alle nivå. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å setja i verk nokon spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ein kvar tilsetting i kommunen er tufta på kva kvalifikasjonar søkeren har.

**Dei andre einingane** i Modalen kommune har ikkje dei same utfordringane som sjukeheimen og syner ei drift som er i nokolunde balanse med budsjettet. Under ansvar "rådmannen" vert rekneskapsført mange fellesutgifter som kjem alle einingane til gode – som til dømes auka pensjonspremie til KLP.

## ØKONOMI OG REKNESKAP

### SAMANDRAG

Rekneskapsåret 2008 er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 7,3 millionar, noko betre enn det budsjetterte driftsresultatet (justert budsjett) som var kr 6,9 millionar. Dette resultatomgrepet vert sett på som det viktigaste for å vurdera rekneskapsresultatet i ein kommune. Det vert ofte lagt til grunn at netto driftsresultat bør vera positivt, på minst 3 % av driftsinntektene. Resultatet for Modalen kommune for 2008 tilsvasar 11,1 % av driftsinntekta. Kr 1,4 millionar kjem frå mva-kompensasjon på investeringar.

Rekneskapsmessig overskot vart kr 0. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og -avsetjingar, samt inntektsføring av overskotet frå 2007.

Netto driftsresultat er meir enn halvert i høve 2007. Mykje av nedgangen skuldast at kommunen hadde svært høg mva-kompensasjon frå investeringsutgifter i 2007. Men utover dette har òg utgiftene generelt auka meir enn inntektene i høve 2007.

Lønsutgiftene er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 32,5 millionar av samla driftsutgifter på kr 56,8 millionar utgjer 58,5 %, tilsvarande i 2007 var 57 %. Andelen lønsutgifter er såleis stigande, men er framleis lågare enn i dei fleste andre kommunar.

**Investeringsrekneskapen** viser eit finansieringsbehov på kr 9,8 millionar. Dei største investeringsområda har vore Otterstad bru, sansehagen ved Modalstunet og oppgradering av industribygget. Dei 3 prosjekta har samla utgift på nesten 6,5 millionar.

Av finansieringsbehovet på kr 9,8 millionar er kr 9,5 millionar finansiert med eigne fondsmidlar.

### HOVUDTAL

#### Brutto driftsresultat: + kr 2 210 575

Brutto driftsresultat er den delen av driftsinntektene kommunen har igjen når driftsutgiftene unna teke finanspostane er teke omsyn til. Brutto driftsresultat er positivt kr 2,2 millionar omtrent likt med justert budsjett for 2008. Ein stor nedgang i høve resultatet for 2007 skuldast i stor grad redusert mva-kompensasjon frå investering, men òg auka utgifter som ikkje er kompensert med auka inntekt i same grad.

## Netto driftsresultat: + kr 7 272 949

Utvikling i netto driftsresultat	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
(Tal i tusen)	7 272	15 489	14 662	5 209	-458	1 370	7 520	6 313

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat (sjå ovanfor) korrigert for finansinntekt og –utgift samt motpostering (tilbakeføring) av avskrivningane. Dette er resultatet som er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år. Resultatet er sterkt og utgjer om lag 11 % av driftsinntektene, men nedgangen i høve dei 2 føregåande åra er stor. Utfordringa framover vert å halda resultatet på minst dette nivået om kommunen skal kunna setja av midlar til å eigenfinansiera investeringane i same grad som tidlegare.

## Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk: kr 0

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Som følgje av vedteken avsetjing til disposisjonsfond gjennom budsjettpedtak og vedtak om budsjettjustering, er heile driftsresultatet alt disponert, og det rekneskapsmessige resultatet vert kr 0.

## Driftsinntekt:

(Rekneskapstal i tusen)	2008	2007	2006	2005	2004	2003
<b>Brukarbetaling</b>	1 113	952	925	946	920	812
<b>Anna sals- og leigeinntekt</b>	2 745	2 827	2 031	1 998	2 075	2 437
<b>Overføring med krav om motyting</b>	14 163	17 956	16 328	14 276	9 403	7 071
<b>Rammetilskot</b>	6 008	5 611	4 066	4 131	5 356	7 037
<b>Anna statleg tilskot</b>	340	78	67	62	270	399
<b>Anna overføring</b>	353	362	362	429	347	345
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	5 967	5 417	5 704	5 806	5 093	5 275
<b>Eigedomskatt</b>	17 645	18 540	12 890	9 636	6 860	7 649
<b>Anna direkte og indirekte skatt</b>	17 045	16 388	16 630	15 126	16 160	15 632
<b>SUM DRIFTSINNTEKT</b>	<b>65 379</b>	<b>68 131</b>	<b>59 003</b>	<b>52 411</b>	<b>46 484</b>	<b>46 657</b>

## Driftsutgift:

(Rekneskapstal i tusen)	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Lønsutgift	30 249	26 549	23 989	24 952	24 482	23 995
Sosiale utgifter	6 875	6 001	6 223	6 749	6 284	5 974
Kjøp av varer og tenester i kommunal tenesteproduksjon	12 639	11 615	9 446	9 176	9 902	10 563
Kjøp som erstattar communal tenesteproduksjon	2 069	1 971	1 671	1 482	1 548	1 591
Overføringer	5 459	5 460	3 323	5 062	4 315	2 721
Avskrivingar	5 878	5 228	4 697	4 256	4 236	4 262
<b>SUM DRIFTSUTGIFT</b>	<b>63 169</b>	<b>56 824</b>	<b>49 349</b>	<b>51 647</b>	<b>50 766</b>	<b>49 106</b>

Tabellane syner at den positive økonomiske utviklinga frå 2005 er snudd. Samla driftsutgift aukar og samla driftsinntekt går ned i høve til 2007.

## Rekneskapsskjema 1A:

Skjema 1A viser dei sentrale inntektpostane til kommunen, finanspostar samt fondsbruk og -avsetjingar.

	Rekneskap	Just budsjett	Oppr budsjett	Rekneskap
Rekneskapsskjema 1A - drift	2008	2008	2008	2007
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	5 967 302	5 900 000	5 900 000	5 416 626
<b>Ordinært rammetilskot</b>	6 008 406	6 500 000	6 500 000	5 610 564
<b>Skatt på eide dom</b>	17 645 336	17 640 000	16 980 000	18 540 432
<b>Andre direkte eller indirekte skattar</b>	12 898 072	12 400 000	12 400 000	12 284 184
<b>Andre generelle statstilskot</b>	90 165	0	0	78 309

<b>Sum fri disponibel inntekt</b>	42 609 281	42 440 000	41 780 000	41 930 115
<b>Renteinntekt og utbytte</b>	2 463 223	2 710 000	2 210 000	1 930 751
<b>Renteutgift, provisjon og anna finansutgift</b>	2 560 208	2 494 000	2 419 000	1 947 096
<b>Avdrag på lån</b>	1 923 000	1 923 000	1 923 000	1 922 980
<b>Netto finansinntekt/-utgift</b>	-2 019 985	-1 707 000	-2 132 000	-1 939 325
<b>Til dekning av tidlegare meirforbruk</b>				
<b>Til ubundne avsetjingar</b>	6 515 860	6 850 565	5 547 770	11 167 804
<b>Til bundne avsetjingar</b>	400 000	400 000		
<b>Bruk av tidlegare mindreforbruk</b>	2 867 795	2 867 795		1 375 000
<b>Bruk av ubundne avsetjingar</b>				1 000 000
<b>Bruk av bundne avsetjingar</b>				83 000
<b>Netto avsetjingar</b>	-4 048 065	-4 382 770	-5 547 770	-8 709 804
<b>Overført til investeringsrekneskapen</b>				0
<b>Til fordeling drift</b>	36 541 231	36 350 230	34 100 230	31 280 986
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	36 541 231	36 350 230	34 100 230	28 413 191
<b>Rekneskapsmessig mindreforbruk</b>	0	0	0	2 867 795

### Nettoutgift pr rammeområde (Rekneskapsskjema 1B):

Oversikta viser forbruk pr budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret gjev rammeløyving til 4 budsjettområde: Rådmannen/sentraladm, Oppvekst, Omsorg og Teknisk etat. Oversikta viser såleis nettoforbruk målt mot løyvinga som er gjeve frå kommunestyret. Inntekt frå mva-kompensasjon og premieavvik er dei største postane under Sentrale Postar.

Rekneskapsskjema 1B - drift	Rekneskap	Just budsjett	Oppr budsjett	Rekneskap
	2008	2008	2008	2007
Rådmannen/sentraladm	11 897 882	11 511 450	11 086 450	9 832 943
Oppvekst	9 009 426	10 155 800	9 630 800	8 331 113
Omsorg	14 658 617	14 145 320	13 345 320	12 342 304
Teknisk	5 243 677	4 937 660	4 937 660	4 575 072
Sentrale postar	-4 268 371	-4 400 000	-4 900 000	-6 668 241
<b>Totalt</b>	<b>36 541 231</b>	<b>36 350 230</b>	<b>34 100 230</b>	<b>28 413 191</b>

### Nettoutgift pr ansvarsområde (netto av all inntekt og utgift pr ansvarsområde):

	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2008	2008	2008	2007
Rådmannen	4 521 231	4 071 050	4 151 050	4 034 319
Kultur	1 485 089	1 556 900	1 591 900	848 578
Kommunekasse	1 269 216	1 240 500	1 225 500	1 157 895
Bibliotek	401 868	401 000	411 000	383 594
IKT	2 476 339	2 520 500	2 580 500	2 310 287
Lanbruk	371 263	383 000	413 000	323 369
Næring	0	0	0	0
Bryggjeslottet	1 372 876	1 338 500	713 500	774 902
Rådmannen/sentraladministrasjon	<b>11 897 882</b>	<b>11 511 450</b>	<b>11 086 450</b>	<b>9 832 944</b>
<b>Kommunalsjef oppvekst</b>	<b>448 790</b>	<b>501 230</b>	<b>501 230</b>	<b>419 637</b>

<b>Mo skule</b>	7 335 623	7 599 060	7 399 060	6 718 421
<b>Barnehage</b>	1 225 013	2 055 510	1 730 510	1 193 055
<b>Oppvekst</b>	<b>9 009 426</b>	<b>10 155 800</b>	<b>9 630 800</b>	<b>8 331 113</b>
<b>Kommunalsjef omsorg</b>	503 562	514 490	514 490	454 607
<b>Pleie og omsorg</b>	11 102 592	10 338 230	9 538 230	8 657 242
<b>Sosialkontor</b>	655 385	792 760	792 760	851 956
<b>Kommunelege</b>	2 397 078	2 499 840	2 499 840	2 378 499
<b>Omsorg</b>	<b>14 658 617</b>	<b>14 145 320</b>	<b>13 345 320</b>	<b>12 342 304</b>
<b>Kommunalsjef tekniske tenester</b>	4 753 135	4 403 160	4 403 160	4 230 366
<b>Avdelingsingeniør</b>	490 542	534 500	534 500	344 706
<b>Teknisk</b>	<b>5 243 677</b>	<b>4 937 660</b>	<b>4 937 660</b>	<b>4 575 072</b>

## INVESTERINGAR

Bokført investeringsutgift i 2008 er kr 10,9 millionar, der utgiftene til Otterstad bru, Sansehage ved Modalstunet og Industribygget er dei største prosjekta med samla utgift på kr 6,5 millionar. Investeringsutgiftene er finansiert med bruk av fondsmidlar, refusjonsinntekt samt inntekt frå sal av anleggsmidlar. Det er gjeve eit formidlingslån som er finansiert med bruk av tilsvarande lånemidlar frå lån i Husbanken.

## LIKVIDITET/ARBEIDSKAPITAL

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkja kortsiktig gjeld. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

(Rekneskapstal i tusen)	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
<b>Arbeidskapital pr 31.12</b>	33 732	36 223	44 815	27 115	20 746	24 482	24 246	22 317
<b>Endring frå 31.12 året før</b>	-2 491	-8 592	17 700	6 369	-3 736	236	1 929	-2 290

Utviklinga i arbeidskapitalen i høve 2008 er negativ, men arbeidskapitalen er likevel framleis svært god.

## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond

(Rekneskapstal i tusen)	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Næringsfond (Grunnkapital)	2 000	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600
Næringsfond ut over grunnkapital	5 170	5 901	7 203	5 649	10 198	10 709	9 622	6 922
Disposisjonsfond diverse	17 826	11 338	14 598	1 200				
Byggefond samfunnshus	343	718	1 243	1 243	1 243	4 076	4 076	4 287
Ubunde investeringsfond	368	5 800	1 500	1 500				
Andre fond	3 523	3 302	3 264	2 956	2 717	2 980	3 593	2 639
SUM FOND	29 230	28 659	29 408	14 148	15 758	19 365	18 891	15 448

Oversikta viser ein liten auke i samla fondsmidlar i kommunen i 2008.

Nettoresultatet frå drifta i 2008 saman med inntektsføring og avsetjing av det rekneskapsmessige mindreforbruket frå 2007 er litt høgare enn bruken av fondsmidlar i investeringsrekneskapen. Kommunen har framleis stor handlefridom og evne til å sjølvfinansiera framtidige investeringar.

### Lånegjeld

(tal i 1000)	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Lånegjeld ekskl formidlingslån	36 877	38 800	40 723	16 793	3 230	4 040	4 850
Lånegjeld pr innb (tal i kr)	105 063	107 778	114 390	47 438	8 947	11 038	14 017
Innbyggjartal	351	360	356	354	361	366	346

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis auka mykje og er relativt stor. Dette slår kraftig ut på lånegjeld pr innbyggjar, men er moderat i høve kommunen si evne til å betena rente- og avdragsutgift. Rente- og avdragsbetaling på auka lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan.

## **MODALEN FOLKEBIBLIOTEK**

Biblioteksjef i 60% stilling. Til stillinga ligg og ansvar for fjernarkiv.

Biblioteket er ope heile året men har kortare opningstid frå slutten av juni til midten av august.

Biblioteket ligg i Bryggjeslottet. Her er det stor aktivitet, både fastbuande og tilreisande brukar huset og det er positivt for alle partar. Våren 2008 var det ei prøveordning med ope bibliotek annakvar laurdag. Det fungerte så bra at det vert ei fast ordning frå 2009. Skulen og barnehagen brukar biblioteket fast. Eksingedalen og Eidslandet skule kombinerar bading og bibliotek vår og haust.

Borna i kommunen som er fødd i 2008 får ei bok i gåve frå biblioteket. I år har fem born fått gåva.

Biblioteket samarbeider med Mo skule og kulturkontoret om:

Den kulturelle skulesekken	Utstillingar
Konsertar	Forfattarvitjingar
Kulturkveldar	Barneteater

<b>Utlån</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>
Bøker	3915	3728
<u>Video, lyd, cd</u>	<u>1537</u>	<u>1757</u>
<u>Samla utlån</u>	<u>5452</u>	<u>5485</u>
Besök	6695	5545

# KULTURKONTORET

## Mål

Å stimulera til allsidig kulturverksemd. Arbeida for auka medvit om vår kulturelle eigenart. Kultur og miljøkonsulent i 80 % stilling. Til stillinga ligg ansvar for kultur, miljø, ungdomsarbeidar i 20 % og bygdekino.

## Kultur og miljøkontoret står til teneste med

- |   |  |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Turistinformasjon</li><li>• Tilskot til lag og organisasjonar</li><li>• Tilskot til kulturminnevern</li><li>• Samordning av aktivitetar</li></ul> | <p>Kulturarrangement<br/>Tilrettelegging av friluftsliv<br/>Den kulturelle skulesekken</p> |
|---|--|

## Arrangement og tiltak i 2008

Modalsdagane vart sett til helga 27–29 juni.

Modalsdagane starta fredag med ungdomsdisko Laurdag var det den tradisjonelle marknaden, underhaldning for born og vaksne med mellomanna anna Olav Stedje Bryggjedans gjekk av stabelen laurdag kveld med 500 betalande. Sundag var det 120 års jubileum for Mo kyrkje. Det var rundt 1000 menneske på Modalsdagane.



*Kajakkutleige Modalsdager 2008*

Me har fått ein ny flott arena til kultur og idrettsarrangement i Bryggjeslottet.



Kulturlivet har fått eit positivt oppsving etter at me fekk Bryggjeslottet. Det har vorte fleire tilbod innan m.a. idrett, handball og idrettskule for born. Det har og vore laurdagsope bibliotek og laurdagstreff på Bryggjeslottet, open hall. Tilbod om barneunderholdning, teater, musikk lyrikk ca. 1 gong i månaden. Stort frammøte både på open hall og teatertilboden ca 40 born og vaksne i snitt på desse laurdagane. Dette er eit positivt tiltak for uformelle møteplassar i lokalsamfunnet.

Norges cup biltrail. Bergen Offroader arrangerte Norges cup i Trohaugrupa der det var

400 besökjande. Kulturkontoret hadde ein koordinerings rolle.

Jarle Midtun opna galleri, galleri Midtun. I Bryggjeslottet har det vore konsert med May Britt Andersen som korprosjekt og konsert med 60 born.

Villmarksleir på Steinsland: 30 born møtte på Steinsland og hadde uteaktivitetar i tre dager. På tradisjonelt vis var det Veteranbåtreff i september her i Modalen. Dette arrangementet er ikkje kommunalt, men kulturkontoret samarbeider og legg ting til rette for arrangørane.

Konsert i Bryggjeslottet med 250 publikum: "Save the last dance.".

Borna sin dag vart arrangert i oktober i Bryggjeslottet. Med "Scena er di" barneteater og anna underholdning. Godt frammøte av born og foreldre.



Modalsmarknad: Det var og skipa til Modalsmarknad 6. desember med over 500 besökande, svært gode attendemeldingar på marknaden både frå utstillerane og dei besøkjande.

### Faste tilbod

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontor, bibliotek, skule og indre deler av Vaksdal kommune, for å få kulturtilbod av høg kunstnarisk kvalitet integrert i skulen. I 2008 har skulen hatt tilbod som forfattarbesøk, teater, teatertur til Bergen, konsertar og lokale prosjekt. Det har også vore teater og musikktilbod til barnehagane.

Det er bygdekino to gonger i månaden i Bryggjeslottet

Det er ungdoms og juniorklubb to gonger i månaden i Bryggjeslottet.



*Ungdomsklubben på sommaravslutning*

Kulturkontoret sender ut "Aktivitetskalender" kvar andre månad. Dette er eit godt motteke tiltak for å synleggjere alt som skjer innan kulturlivet.

## BRYGGJESLOTTET 2008

2008 var det første heile driftsåret til Bryggjeslottet og det vart tilsett ny driftsleiari i 100% stilling. Driftsleiaren tok til i stillinga 7. April.

Bryggjeslottet er eit teknisk krevjande bygg med mykje avansert utstyr både i høve til ventilasjon og varmeanlegg. Det har vore ein del feil på desse anlegga dette året. Noko av dette har garantiar dekka, men ikkje alt. Nytt UV - anlegg til bassenget vart montert i juni.

Bryggjeslottet er mykje brukt både av lokalbefolkinga og folk utanfor kommunen. Det var ved utgangen av året seld ca 100 årsbrikker.

Det har vore stor aktivitet med m.a. konserter og diverse andre tilstellingar i 2008 og med litt vekslande oppmøte av publikum. Stort sett må me vere nøgd, men det er plass til fleire.



Det vart arrangert ein VP-serie i bowling for bedriftslag i Modalen og Vaksdal kommunar. Det vart til slutt siger for Daletec. 24 lag deltok og det vart spelt 84 kampar. I fylgje deltakarane vart det ein suksess og dei ville at dette skulle gjentakast til hausten. Me startar ein ny serie til hausten 2009.

Mo skule brukar bygget til gym og symjing.

Eksingedalen og Eidsland skule har symjeundervisning til sine elevar, fem gonger om våren og fem gonger om hausten.

I tillegg til desse skulane har Ostereidet skule og Knarvik vidaregåande skule nytta bassenget.

## **LANDBRUK – JORD OG SKOG**

### **Landbruk**

Samarbeidet mellom Modalen og Vaksdal kommunar om felles landbrukskontoret har halde fram i 2008.

### **Jordbruk**

Det har vore handsama 3 konsesjonssøknader og ei delingssak etter jordlova.

Antal søkjrarar om produksjonstilskot var lik som i 2007. Det var 6 søknader om SMIL- midlar, 4 av desse vart innvilga og to avsleagne. Det var ein søknad om RMP- midlar. Desse midlane fremjar natur og kulturminneverdiane.

Landbruksvikaren har vore mykje nytta og er ein viktig person som støtte og avhjelping for gardbrukarane. Ordninga med landbruksvikar er i endring og det er frå **01.01.2008** gjort avtale med Landbrukstenester Hordaland om leige av kommunal vikar til sjuke og ferieavløysing. Det er LTH som administrere den kommunalt tilsette landbruksvikaren.

Regjeringa har overført ansvaret for veterinærdekning til kommunane. Modalen held fram med veterinærvaktordninga i samarbeid med kommunane, Granvin, Ulvik, Voss og Vaksdal. Modalen er i vaktområde, Voss Vest. Etter avtale mellom kommunane er det Voss kommune ha det administrative ansvaret 2008. Kvar kommune har fått løyvd kr. 233.963,- som er direkte overført til Voss som øyremerkte midlar. *Det er i tillegg etter søknad ytt kr. 300 000 i stimuleringsstilskot samla til veterinærane til denne veterinærvakta frå Fylkesmannen.*

Forsøksringen har fått løyvd kr. 10.000,-

### **Skogbruk m.m**

Lite hogst i skogen. Størstedelen av hogsten er lauvskog til eige bruk og sal. Noko hogst av barskog til eige bruk. Det er utbetalt ei løyving til vanskeleg terreng (eksterne midlar). Det er søkt om utviding av jakttida, ikkje innvilga.

Skjønsarbeid i samband med overskjønn. Handsama sak etter motorferdselslova.

Søknader om tilskot frå det lokale viltfondet. Turvegen ved Stølsvatnet er framleis tema.

BKK har lova samling og "avslutting" i 2009. Arbeid med interkommunal kommune-delplan for Fjellheimen villreinområde. Merke og utviklingsprosjekt for hjort vart starta i året. Behandla søknad om tilskot til skade forvoldt av hjort. Representert i arbeidsgruppe med temaplan for Friluft. Arbeid med skogsveg på Nottveit

## OPPVEKST OG OMSORGSETATEN 2008

Generelt om etaten:

Det har vore stor aktivitet i etaten også i 2008. Innan barnehagesektoren har det vore god utvikling i barnetal og opphaldstid, så god at den nye barnehagen etter berre  $\frac{1}{2}$  års drift tok i bruk den 3.avdelingen også. Ved Mo skule starta planprosess med tanke på ombygging, og rektor Dina Dyrhovden avslutta si gjerning etter 7 år i stillinga. I helsetenesta har ny kommunelege gjeve oss stabile tilhøve. Ei viktig satsing her var kursing av befolkninga i hjerte-lungeredning og bruk av hjertestartar. I pleie- og omsorgstenesta vart det starta eit arbeid med tanke på å vri ressursar frå institusjonsomsorg og over på heimeteneneste og psykisk helse, arbeidet heldt fram i 2009. Eit nytt samarbeidsprosjekt vart starta hausten 2008 saman med NAV Hordaland med tanke på etablering av NAV kontor i Modalen. Ei utfordring som har prega drifta i 2008 er tilgang på arbeidskraft. Alle avdelingar i etaten har slite med å få kvalifiserte vikarar ved fråvære frå faste stillingar. Dette har vore ei ekstra påkjenning for dei ansvarlege ved dei ulike driftseiningane, og her har det vorte gjort ein stor innsats i å lappa saman bemanningskabalar for å hindra at tenestetilbodet skulle verte ramma.

### MODALEN BARNEHAGE

Modalen barnehage vart omgjort frå 2-avdelings- til 3-avdelingsbarnehage etter påske 2008. Årsaka er den sterke veksten som har vore i barnetal og opphaldstid. No er avdelingane delt mellom 0–2 år, 3–4 år og 5–6 år. Barnehagen er open 5 dagar i veka, og brukarane kan velje alt frå 1–5 dagar. I tillegg har brukarane kunna velje mellom 2 ulike opphaldstider: 6,5 timer eller 9 timer. Frå 1. Desember var det satt i gang eit prøveprosjekt i barnehagen, der me tilbyr 9 timars-dag med redusert foreldrebetalingssats.

Modalen barnehage har som visjon å skape ein barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus. Hovudmålet me arbeider etter er: " Me vil arbeida for å gjere borna sterke språkleg, fysisk og sosialt."

Dette året har barn og vaksne arbeidd med temaet fjord til fjell, og satsingsområdet er språk.

Etter å nyleg ha flytta inn i ny barnehage like før årsskiftet 07/08 er det ein del endringar som har skjedd. Det tek tid å "bu seg inn" i nye lokaler. Både born og vaksne har funne seg vel til rette i den nye barnehagen og stortrivst på Helland. Me har fått eit godt og tilrettelagt inne –og ute–miljø, noko som er til stor hjelp og glede i arbeidet med borna.

Ved utgangen av 2008 var det 38 born i barnehagen.

### **Barnetal :**

	<b>Vår 2008</b>	<b>Haust 2008</b>
Barnetal	32	38
Antal plassar	38	49

Me har no 31 born frå Modalen og 7 frå Vaksdal kommune.

### **Personalressursar:**

	<b>Vår 2008</b>	<b>Haust 2008</b>
Årsverk	8,47	9,60
Tilsette	11	15

### **SKULEN:**

Rektor har fagleg og administrativt ansvar for Grunnskule, Skulefritidsordning, Vaksenopplæring og Kulturskule.



### **Skulefritidsordninga:**

I feriane, og før og etter skuletid vekedagane, har me hatt samarbeid med SFO i form av at born og personell har kome i barnehagen.

### **Mo skule:**

Arbeidet med innføring av Kunnskapsløftet heldt frem også i 2008.

Prosjektet "Vurdering – dokumentasjon av læring og utvikling" som me fekk støtte frå staten til i 2007 heldt fram også i 2008. Dette er eit samarbeid med skular på Osterøy og i Lindås. Eit av måla var å utvikle skulen til ein lærande organisasjon der elevane sitt læringsutbyte og refleksjon over eigen praksis skal stå i sentrum. Dette er skulen kome godt i gang med, og ein forventar at dette vert ytterlegare konkretisert i skulen sitt planverk.

Nasjonale prøvar vart gjennomført på 5. og 8. trinn hausten 08. Mo skule brukar resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på undervisinga og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjoner ligg midt på treet. Det som me spesielt har merka oss er at Mo skule

ikkje har elevar som ligg i ytterpunktta, skårar svært høgt eller heilt lågt. Mo skule er god på å fanga opp dei svake elevane og gje desse tilrettelagt opplæring, men har ei utfordring i å stimulere til topp resultat. Her har me ei felles utfordring med å auke læringstrykket ved Mo skule.

Elevane på Mo skule får kvar dag tilbod om ferdig påsmurte brødskiver, drikke og oppdelt frukt og grønsaker. Erfaringane frå kantinedrifta er god og visar stor oppslutning.

Kunst og handverksavdelinga på Mo skule har gjennom heile året hatt utstillingar i mediateket. Mo skule har svært gode lærarkrefter og ressursar til å kjøpe inn materialar som elevane kan nytta i arbeidet mot å nå måla i faget Kunst og Handverk. Elevane får svært flotte resultat som dei er stolte av å ta med heim!

I 2008 vart det bestemt at Mo skule skal ombyggjast. Dette var ei gledeleg melding til oss alle, både barn og vaksne. Prosjektet er i rute, og ein planlegg oppstart haust 2009.

### Elevtal:

	Vår 2007	Haust 2007	Vår 2008	Haust 2008
<b>Elevta l</b>	61	62	62	58

### Modalen Skulefritidsordning, SFO:

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7.

*"Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. klassetrinn (1.-7. klassetrinn for barn med funksjonshemminger). Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet."*

I tillegg baserer drifta av SFO seg på kapitel 23 i Forskrift til opplæringslova. På onsdagar er det SFO ved Mo skule heile dagen (08.00–16.30). Då har elevane på 1.-4.trinn undervisningsfri. Dei andre vekedagane er SFO lagt til Modalen barnehage før og etter skoletid. Det er sterkt auke i tal born som nyttar tilbodet.

## Elevtal i SFO:

	Vår 2007	Haust 2007	Haust 2008
Elevtal	5	9	16

## Vaksenopplæring på grunnskulenivå:

Modalen kommune har dette året ikkje hatt elevar som har motteke vaksenopplæring på grunnskulenivå, men har hatt vaksne framandspråklege som får undervisning i norsk og samfunnsfag. Her kjøper me undervisningstilbod på Nygård Skole i Bergen.

## Modalen Kulturskule:

Modalen Kulturskule gjev tilbod om undervising i song og ulike instrument. Skuleåret 08–09 er det 23 elevar som får undervisning gjennom kulturskulen i Modalen. Det vert kjøpt elevplassar i kulturskulen i Vaksdal kommune og i Lindås kommune i instrumentopplæring der me ikkje har undervisningskompetanse.

## Elevtal:

	Vår 2007	Haust 2007	Haust 2008
Elevtal	21	24	23



## HELSETENESTA:

Helsetenesta består av lækjar-, helsesøster- og fysioterapitenesta.

Kommunelækjaren har det medisinsk faglige ansvar for helsetenesta i kommunen.

Helsetenesta har fordelt ressursane på følgande hovudaktivitetar:

- › Helsefremjande og førebyggjande arbeid
- › Diagnose og behandling
- › Medisinsk habilitering og rehabilitering
- › Akuttmedisinsk beredskap

Helsetenestene er samlokalisert i helsecenteret på Mo, og dette gjev gode vilkår for tverrfaglig samhandling. I dei same lokala finn me også tannlege og trygdekontor, og samarbeidstilhøva med desse er gode.

### **Personalressurs og aktivitet:**

Der er 1 legeheimel i Modalen, kombinert fastlege og kommunelege-stilling. Frøyd Gullbrå vart tilsett i stillinga frå 01.01.2008. Ho har arbeidd i 80% stilling, fordelt på om lag 40% kurativ verksemd (pasientkonsultasjoner), 15% sjukeheimsteneste, 20% administrativt kommunelege-arbeid og ca 5% til helsestasjonsarbeid.

Der er 1 stillingsheimel på 60% for legesekretær ved kontoret.

### **Legevakt**

Daglegevakt er beredskap på dagtid (08–15.30) kvardagar. Denne dekkjer legekontoret i Modalen når der er lege tilstades. Når der ikkje er lege tilstades i Modalen har Norhordland Legevakt denne beredskapen for innbyggjarane i Modalen.

Legevakt er beredskap utanom kontortid, dvs 15.30–08.00 på kvardagar, heile døgnet på helge- og høgtidsdagar. Me deltek i vaktsamarbeid knytt til Norhordland legevakt i Knarvik. Her deltek kommunelegen i legevakter etter turnus, pt er der ca 25 legar med i vaktordning.

### **Fagleg oppdatering:**

Kommunelegen har gjennomført desse faglege oppdateringskursa:  
Lungesjukdommar og bruk av spirometri, trygdemedisin, akutt-medisin  
forebyggande og miljøretta medisin

### **Andre oppgåver som kommunelegen har teke del i:**

- delteke som kommunikasjonslærer ved UiB for 3. års medisin- studentar
- vore praksislærer for 6.års medisin-student under ein månads utplassering i allmennpraksis.
- valgt inn som medlem i KUP, allmenmedisinsk kvalitetsutval frå 01.09.08, Eit utval under den norske legeforeining som driv med kvalitetsarbeid innan allmennmedisin.

### **Aktivitet 2008:**

	2008	2007	2006
Sjukebesök	7	2	3
Konsultasjonar	1287	790	903
Telefonkonsultasjonar	276	596	865
Annan kontakt	553	286	251

Det har vore litt endring på takstbruk i 2008, difor er der registrert færre telefonar samanlikna med annan kontakt.

## Ambulanse/akutt-beredskap

Ambulanse som var lokalisert i Modalen vart nedlagt frå 01.01.08. I 2008 har me arbeidd ein del for å få på plass fyrste-responder-ordning i kommunen, ei ordning der opplært personell kan bli utkalla der det er behov for hjelp i påvente av ambulanse frå Dale/Knarvik. Me har samarbeidd med Helse-Bergen om å få dette til, og Vaksdal har også vore deltakar då ambulansen som vart nedlagt også dekka området Eksingedalen-Eidslandet. Planen er å få utplassert hjertestartar og akutt-utstyr på Modalstunet og på bryggjeslottet.

I løpet av 2008 har vi hatt fokus på informasjon til befolkninga, og rekruttering av personell. Det har i samarbeid med Helse-Bergen blitt halde kurs i bruk av hjertestartar, der ca 40 personar har delteke.

I løpet av fyrste halvdel av 2009 håpar vi på å få på plass hjertestartarar, og vidare kursing slik at ordninga kan fungere.

## Øvingar

lege/helsesenteret har ikkje delteke på beredskapsøvingar i Modalen i 2008.

## Helsestasjon

Helsesøster Ingunn Vangen er tilsett i 50% stilling. I tillegg har ho sidan oktober 08 hatt 25% stilling i eit prosjekt kalt "ungdom i utdanning" der ho føljer opp dei som går på vidaregåande skule og bur på hybel.

Dette året har helsesyster hatt 185 konsultasjonar, mot 200 i 2007. Utanom dette kjem dei timane som er brukt i gruppessamtalar på skulen.

103 av desse konsultasjonane har vore med born under 6 år (101 i 2007) og gått føre seg på helsestasjonen eller heime hjå borna. Det er født 3 born i Modalen i år (5 born i 2007). Antall heimebesök: 3.

82 konsultasjonar har vore med førskuleborn og skuleelevar. Det har vore 4 førskule-undersøkingar.

Helsesøster deltok i eit prosjektarbeid på skulen: Alle har ei psykisk helse

## Fysioterapitenesta


Kommunefysioterapeut Terje Askeland har vore tilsett gjennom heile året.

Antal konsultasjonar: 461

Besök på Modalstunet 2 gonger kvar veke. Individuell trening, behandling og felles aktivitetsprogram.

Kommunefysioterapeut er kommunen sin koordinator for habilitering og rehabilitering. Dette medfører også hjelpemiddelansvar i kommunen.

Kommunefysioterapeut har gruppetrening for alle over 55 år i Bryggjeslottet kvar mandag føremiddag. Dette har vorte eit populært tiltak som er både sosialt og helsefremjande.



### **PLEIE- OG OMSORGSTENESTA:**

Overordna mål for Pleie- og omsorgstenesta i Modalen Kommune :

\*Gode, brukartilpassa tenester.

\*God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.

\*Tenesta skal bygge på rehabiliteringstenking.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i Pleie- og omsorgstenesta i Modalen Kommune.

### **Modalstunet bu og opptrening:**

Aktivitet:

	2008	2007	2006
Innskrivingar	26	19	28
Utskrivingar	28	29	27
Dødsfall	6	6	3
Korttidsopphald personar	24	23	18

Vaksdal Kommune har legd eit korttidsopphald i 2008. Vaksdal har brukt sine 4 faste plassar gjennom heile året. I 2008 har Vaksdal kommune totalt kjøpt 1 ekstraplass , 19 døger. ( I 2007 kjøpte Vaksdal 1068 døger).

Lindås Kommune har kjøpt plassar i til saman 442 døger. Meland Kommune har kjøpt plass i til saman 47 døger. Privatpersonar har kjøpt plass i til saman 14 døger. Dette er ein stor nedgang frå 2007, der me totalt selde 1392 døger.

Modalen Kommune har i snitt brukt 6,5 plassar til eigne brukarar. Dette har ført til lågare inntekter på sal av plassar, enn det som var budsjettert. Det er gjennomført innsparing ved redusert bruk av vikarar.

## **Heimehjelp:**

Talet på brukarar som har fått heimehjelp frå pleie- og omsorgstenesta, var aukande i 2008. 8 brukarar fekk praktisk bistand i 2008. Dette utgjorde i snitt gjennom heile året ca. 14 timer pr. veke

## **Heimesjukepleie.**

Talet på mottakarar av heimesjukepleie, har også auka i 2008. Mellom 12 – 14 brukarar har i snitt motteke ca. 29 timer heimesjukepleie pr. veke, i 2008. Dette er ein auke på ca 11 timer pr. veke samanlikna med 2007.

## **Matombringing:**

Modalen Kommune har ei målsetjing om at dei eldre skal kunna bu heime så lenge dei sjølv ynskjer det, og det er forsvarleg. I snitt vert det levert varm middag/Frukost/kvelds til 4 – 5 brukarar i heimesjukepleien kvar dag.

## **Tryggleiksalarmar:**

Fire personar har nytta tryggleiksalarm. Modalen Kommune leiger utstyr frå Falken (Lev vel helse, hjelp 24) og nyttar Falken sin alarmsentral.

## **Personell:**

Halve året av 2008, var det ikkje tilsett sjukepleiar i 1,2 stilling. I tillegg til sjukmeldingar, har dette auka utgiftene til heimevakt. Sjukmeldingar og permisjonar har ført til eit stort vikarbehov i 2008. Vanskar med å få tak i nok vikarar fører til stort forbruk på overtidsbudsjettet.

## **Aktivitet:**

Julebordet på Modalstunet vart gjennomført som vanleg i desember. Her deltok ca 60 brukarar, pårørande og andre gjester.

Kvar fredag vert det arrangert bingo på Modalstunet. Siste fredag kvar månad er det "storbingo", der alle eldre i bygda er velkomne. Kvar torsdag er det trim. Ein torsdag i månaden er det andakt. Tilbod om dagtilbod etter behov. Elles vert det arrangert "syng med oss", musikkskulekonsertar og anna. Måltidsituasjonen vert kvar dag brukt bevisst, for å auka bebuarane sin evne til eigenomsorg,- fysisk, psykisk og sosialt.

## **Sansehagen:**

Ei arbeidsgruppe har sidan hausten 2002 arbeidd med planar om tilrettelegging av ein terapeutisk hage for demente i tilknyting til Modalstunet. Dette prosjektet er eit samarbeid med kvinne og familielaget i Modalen

I 2008 fekk Modalstunet kommunale midlar til opparbeiding av sansehagen. Ein fekk også kr 167 000 frå helse og rehabilitering (tippemidlar) i Hordaland.

Våren, sommaren og hausten 2008, var det stor aktivitet. Mykje av arbeidet blei utført av teknisk etat, i samarbeid med eit innleigd firma. Resultatet blei ein kjempefrott hage med fine stein bed, pergola , beplantning, ute møbler og fint dekke m.m.

Målet med ein terapeutisk hage for personar med demens er å betra deira daglege livskvalitet. Dette skjer når det er mogeleg for brukarane av hagen å fortsetja med kjende syslar etter sitt funksjonsnivå. Ein slik terapeutisk hage for personar med demens, kan vera både fysisk og psykisk styrkjande. Fysisk aktivitet er helsemessig positivt og lettar stress.

Modalen Kvinne Og Familielag og personalet ved Modalstunet vil ta hovudansvaret for å halda sansehagen vedlike. Aktivitør og personalet saman med bebruarar står for det daglege arbeidet. Arbeidsgruppa jobbar no med å utforme hagen: Skal me ha dyr? Bærbuskar? Markaløe? Me ser for oss at sansehagen blir utvikla/opp arbeidd over år, med ein langtidsplan, der fokuset er at me saman med brukarane skal utarbeide/skape og halde hagen vår vedlike.

### **Hovudutfordring for pleie- og omsorgstenesta :**

Me må ha fokus på tiltak som kan sikra stabile inntekter ved institusjonen, samstundes som me må sjå om det er tiltak som kan redusera utgifter og sikra stabil drift.

Det er svært viktig å ha fokus på å behalde og rekruttere kompetent arbeidskraft. I dagens arbeidsmarknad er dette ei utfordring, særleg vanskeleg er det å rekruttere til små stillingsstørleiker. God kvalitet på tenestene vil vera avgjerdande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg, vil ha store konsekvensar for drifta.

I 2008 har me hatt kommunelege på plass. Dette aukar kvaliteten på tenestene våre.

**Psykiatritenensta:** Dagsenter har mellombels måtte flytta inn i ein trygdebustad på Øvre Helland. Ulike alternativ vart vurdert for å finna ein permanent tilhaldstad for brukarane. Tidlegare postlokaler på Mo skal nyttast til dagsenter.

Lokala er under oppussing og innflyttingsklart februar -09. Dette skal vere eit sambruk med soknerådet. Tre brukarar nyttar seg av tilbodet om Dagsenter. To dagar i månaden kjøper Modalen kommune tenester på Einekavane i Masfjorden.

Plan for psykisk helsevern er vedtatt i kommunestyret. Planen dekkjer planperioden 2007 – 2010. Kommunen har integreret den oppdaterte planen i kommunen sin økonomiplan. Dei statlege tilskota til psykisk helsearbeid i perioden 1999 – 2008, er meint å medføre ei varig styrking av tilbodet til menneske med psykiske lidingar, også etter at opptrappingsperioden er slutt.

Modalen kommune har i 2008 auka/styrka tilbodet til menneske med psykiske lidingar, og tilbodet vil bli auka ytterlegare frå sommaren 2009 når me får psykiatrisk sjukepleiar.

Fordeling av det statlege tilskotet skjer etter helse-og sosialnøkkelen i inntektsystemet for kommunane. Tilskotet for 2008, var på 429.000 kr. Frå 2009 vert tilskotet innlemma i rammetilskotet.

### **Psykisk helse:**

Modalen er ein av få kommunar som ikkje har psykiatrisk sjukepleiar. Det har vore behov for kompetanseheving for å kunne handtera aukande utfordringar innanfor psykisk helse.

I 2008 gav opplæringsnemnda midlar til vidareutdanning i psykiatri, og frå sommaren 2009 er målet at me skal ha psykiatrisk sjukepleiar i kommunen.

Ei arbeidsgruppe jobbar med ny organisering i psykiatri tenesta og pleie og omsorg. Ramma for arbeidet er å vri ressursbruk frå institusjonstenesta og over til heimetenesta og psykisk helse.

**Arbeidstrenings-plassar:** Meiningsfylt arbeid er viktig for et aktivt liv og for å førebyggja at nye sjukdomsperiodar oppstår. Så langt har ein svært positiv erfaring med det arbeidet som er sett i verk på dette området. Fleire brukarar nytta dette tilbodet i dag. Tiltaket er eit samarbeid med NAV-arbeid, og ein del av kostnadane vert dekkja derifrå.

## TEKNISK ETAT

Teknisk Etat har som overordna målsetjing å arbeida for trivsel for den einskilde ibuar i kommunen.

### Hovudmåla er:

- ✓ Yta god service ovanfor publikum.
- ✓ Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd.
- ✓ Arbeida for å betre kommunikasjonstilhøva.
- ✓ Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg.

### Teknisk etat står til teneste med:

- ✓ Skjema og hjelp ved søknad om frådeling av tomt.
- ✓ Hjelp ved kjøp av kommunal tomt.
- ✓ Skjema og hjelp ved søknad om grave- og byggjeløyve.
- ✓ Hjelp ved søknad om tilknyting til offentleg veg, vass og kloakknett.
- ✓ Informasjon i byggjetekniske spørsmål.
- ✓ Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

### Nye tilsette ved teknisk etat.

Winifred Torsvik slutta hjå oss den 1.november 2008 for å ta til anna arbeid.

Evelyn Gullbrå vart tilsett med verknad frå 5. Januar 2009.

### Reinhald

Frå 01.05.2008 vart reinhaldtenesta overført til teknisk etat. Reinhaldstenesta er delt inn i 2 områder, Øvre Helland og Mo reinhaldsområde. Innan reinhald er det 3,54 årsverk

### Planarbeid

2- manns bustader på Mo

Parallelt oppdrag Mo / Otterstad

Privat reguleringsplan for hyttefelt på Nygard vart godkjent.

## Kart- og oppmåling

Nytt matrikksystem vart iverksett.

I 2008 vart det oppretta 4 nye eigedommar

Det vart halde 4 kartforretningar og laga 4 målebrev

Arbeidet med planlegging av ny kartlegging av Modalen vart oppstarta.

## Byggesaker

I 2008 var det 7 søknader om tiltak, 4 meldingar om tiltak og ei bruksendring.

Det har vore tilsyn frå Fylkesmannen på PCB i kommunale bygg.

All lysarmatur i kommunale bygg er fjerna. Alle vindauge som innehold PCB er merka.

Det er også laga planar og rutinar for handtering av PCB.

## Vatn

Vassprøvane syner god kvalitet. Det har ikkje vore driftstans som har medført at vatnet har vore borte i lengre tid, men vi har til tider hatt problem med vassforsyninga til Kleivane. Det vert for tida arbeidd med å finna løysingar på problemet. Det er behov for oppgradering av elektronikken som styrer pumpene i vassverka. Dette vert arbeid med i 2009

## Brannvesen

Det var ingen utrykking i 2008

Bannmannskapa har øvd på

- Utlegging av slangar bruk av pumper og bil.
- Det har vore teori om bruk av ulike sløkkemiddel og metodar.
- Praktisk øving med pulver og skum.
- Personell frå Dale hjelpekorps har undervist i førstehjelp.
- Det vart gjennomført tilsyn med eldstader i 115 bustadhus
- Det vart i 2008 kjøpt inn ein brukt tankbil for ombygging til brannbil, ombyggingsarbeidet vart utført av Algård i Arna og bilen vart levert til Modalen Brannvern i april 2009.

## Sommarjobb

I 2007 var det 17 søknader til sommarjobb. Godt om arbeid rundt omkring gjorde nok at mange av dei eldre skuleelevarane søkte arbeid andre stader. Det førte til at vi fekk mange relativt unge skuleelevar me skulle setje i arbeid og det var til tider ei utfordring å finna høveleg arbeid.

Av anna arbeid som vart utført kan nemnast vasking av hus, beising av terrassar, fjerning av krattskog langs stiar og anna ryddearbeid.

## Utstyr

Det vart kjøpt inn ny varebil til teknisk etat.

Det vart kjøpt inn ny kartprinter. Printeren er av god kvalitet og kan også nyttast til å laga plakatar til arrangement, konserter og andre hendingar.

## Bygge og anleggsprosjekt.

Sansehage ved Modalstunet. Dette er eit prosjekt Barne og familielaget har ivra for i mange år. Det er arkitektfirma Smedsvig Landskapsarkitekter som har stått for planlegginga av sansehagen. Aleggsgartnararbeida vart utført av Park og Hagemiljø. Teknisk etat var sterkt involvert i Prosjektet som vart noko meir komplisert og omfattande enn først tenkt. Attendum meldingane frå brukarane er positive.



## Otterstad bru

Otterstad bru har i lengre tid trengt ei omfattande vøla. COWI AS stod for prosjektering av arbeidet vart utført av BM overflateteknikk AS. Vi var heldige og hadde godt vær i nesten heile anleggsfasen. Otterstadbrua har fått attende den gamle gråfargen og framstår vakrare enn den har gjort på mange år.



## **Informasjonsplass**

Ny informasjonsplass er bygd i Sæten, den er teikna av Riss Landskap as og anleggsarbeida vart utført av Park og Hage. Arbeidet med informasjonsskilta er under arbeid og vi vonar å ha dei på plass før sommarsesongen startar for fult.

## **Ombygging av tidlegare postlokale til psykiatrisk dagsenter / soknerådslokale.**

Ombygging av det gamle postlokalet tok til hausten 2008. Grunna stor aktivitet var det vanskeleg å få handverkarar på plass. Gjennomføringstida sto på ingen måte i høve til storleiken på prosjektet. Innreiinga av lokala har vore gjort av Mo sokneråd og Dagsenteret.



## **Plastring av båthamna**

For å sikre båthamna mot vidare utgraving, vart den utsette delen plastra med stor stein. Arbeidet vart utført av Økonomiservice AS som leverte godt arbeid. Det er framleis trøng for oppgradering i deler enkelte deler av båthamna.



## **Modalstunet**

På kjøkkenet på Modalstunet vart det montert nye kjøkkenseksjonar, det vart også sett inn ny Branndør i korridor i fløyen mot sør.

## **Innkjøp av nye leikeapparat til vellaga**

Grunna årleg standard på leikeapparata i kommunen vart kjøpt inn leikeapparat til Mo og Heiane vel, Øvre Helland vel og Mo skule. Leikeapparata ved mo skule vart montert av teknisk etat, medan leikeapparata til vellaga vert montert på dugnad.



## **Oppgrusing av Nygardsvegen**

Nygardsvegen fekk i 2008 ei monaleg oppgradering. Det vart lagt ut over 900 ton med grus av god kvalitet på strekninga Øvre Helland til Nygard. Med dette tiltaket og med godt vedlikehald, vonar vi at vegen vil halde god standard i lang tid.

## **Utbetring av tak på industribygget**

Vi har i lang tid vore plaga med lekkasjar i taket på industribygget. Eit anna stort problem har vore snø og is som har rast frå taket og såleis vore ein fare for dei har sin arbeidsplass i bygget. Erfaringa frå sist vinter syner at tiltaket verkar.

## **Redskapsbod og tribune ØH nærmiljøtiltak**

Ny tribune og ny redskapsbod vart sett opp ved sida av tennisbana på Øvre Helland

## **Bryggjeslottet**

I tilknyting til bassenget i Bryggjeslottet vart det installert UV filter. Ved 100% sirkulasjon gjennom UV anlegg vil ein heile tida sikre at bassengvatnet ikkje inneheld helsekadelege mikroorganismar. For å lette reinhaldet i bassenget vart det kjøpt inn ein trålaus bunnsugar.